

GENERELT		KOMMENTAR
1	Føresegn 2.3: Tilleggspunkt: Dersom NGIR har tilbod om det, kan andre bossløysingar etablerast. Ta dette med også i planomtalen punkt 5.5.	Tatt til følgje.
2	Føresegn 2.4.3: Presisering: f_SPA 1 og 2	Tatt til følgje.
3	Føresegn 2.6.1: Føresegna framstår ikkje som ferdig formulert: «Sei noko meir om terrengutforming. Trapping av hus. Spesielt i høve til bygg 2. Sikring av skjeringar». Dette punktet må tydeleggjerast.	
4	Føresegn 4.3.1: Det er krav om 2 HC parkeringsplassar for det utbyggingsvolumet de planlegg for, jf kommuneplanen av 2011	Tatt til følgje.
5	Massehandtering er ikkje omtala i føresegna. Sidan det i planomtalen, punkt 6.2 vert vist til masseoverskot på om lag 1300 til 1500 kubikk, må massehandteringa omtalast også i føresegna.	Tatt til følgje. Se § 2.4.
6	Arealstorleiken på BKS må leggjast inn i plankartet	Tatt til følgje.
7	Planomtalen: side 4 og 5: to ulike tal for planområdet er oppgjeve 3 og 4 daa.	Dette er rettet opp.
8	Planomtalen side 4: Næringsareal er ikkje tema i denne planen	Dette er retta opp.
9	Planomtalen 5.2: %BRA må reknast ut for BKS og ikkje heile planområdet. Det er fint om reknestykket vert framstilt slik at det vert lett å forstå.	Tatt til følgje.
10	Planomtalen side 29: Næraste brannstasjon på Lindås er ikkje «8,4 km» frå planområdet.	Dette er retta opp.
11	Føresegn 3.1.3: Vi føreslår maks byggehøgde på kote + 81, og at maks byggehøgde på 9 meter går ut. Grunngevinga for det er at reguleringsplanen for Kolås (som også omfattar tomten de planlegg), legg til grunn 1. etg. einebustadhus. Vi ser og at det er tap av utsikt mot sørvest for eigedom gnr/bnr 108/584. Dette punktet kan og sjåast i samanheng med neste punkt.	Tatt til følgje.
12	Planen viser ikkje tilstrekkeleg gode løysingar for universell utforming, jf. Leikeplassen har to tilkomstvegar, men ikkje nokon av desse er i samsvar med prinsippa om universell utforming. Vi tilrår at de ser nærare på dette punktet med tanke på betre løysingar for universell utforming.	Det er trinnfri tilgang til begge etasjane. Frå parkering til øverste etasje er det tilkomst utan stigning. Til underetasjen via gangveg er det stigning 1:8. Gangvegen gjev tilkomst til leikeareal med stigning 1:8 frå begge etasjane, i tillegg til trappetilgang.
13	Vi forstår at det har vore dialog med grunneigar på gnr/bnr 108/175. Dette kan gjerne omtalast under kapittel 3 i planomtalen, jf. Punkt 6.6 i planomtalen	Tatt til følgje.